

Borni Leikar/Maati Kahe

Av Lena Skjerdal



© [Lena Skjerdal]

[Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett]

[Institutt for kunsthøgskolen]

Høgskulen på Vestlandet

[2023]

HVL-notat frå Høgskulen på Vestlandet nr.10

ISSN 2703-710X

ISBN 978-82-8461-052-8



Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.

<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

Samandrag

I denne teksten vert det reflektert over den skapande prosessen med å lage ny musikk frå fyrste møtet med diktet «Borni Leikar» av Olav H. Hauge fram til offentleg digital lansering og internasjonal distribusjon av singelen Borni Leikar/Maati Kahe med Lena Skjerdal Trio og Dhanashree Pandit Rai 31. desember 2022. Stien fram til ferdig produkt har vore lang, og det er naudsynt å skildre nokre av dei ulike stadia eller stadane som det skapande arbeidet har funne stad, for så å kunne reflektere kvifor desse er via merksemd i teksten via refleksjon. Stadia kallar eg: *Impuls, Assosiasjonar, uttrykk og erfaring, Skisser og utprøvingar, Første forsøk på lydfesting, Bearbeiding, Andre forsøk på lydfesting, Etiske problemstillingar, Ferdigstilling og utgiving og Avslutning.*

Ny musikk har i dette prosjektet vorte skapt, publisert og formidla. Den innspelte musikken er brukt som ein refleksjon over musikalske møter og eit nytt uttrykk over tematikk som borns leik og livsverd og musikalsk kommunikasjon over kulturelle grenser.

EMNEORD: [Musikk, Olav H. Hauge, song, jazztrio, improvisasjon, Hindustani vokalmusikk, komponering, innspeling, barnehagelærerutdanning]

Forord

I samband med arbeidet med å tonesette diktet «Borni Leikar» har Olav H. Hauge, vil eg takke spesielt medmusikantane mine Ole Marius Sandberg og særskilt Erik Håkon Halvorsen. Eg vil og takke Dhanashree Pandit-Rai for hennar interesse og positivitet og at ho deler så generøst av sin unike musikalitet og kunnskap. Takk til Tom Karlsrud for studioarbeid og hjelp til praktisk gjennomføring og digital lansering. Til slutt takk til Bodil Cappelen og Rune Cappelen Strømstad for velvilje og løyve til å tonesette diktet.

Innhald

| | |
|--|----|
| Samandrag | 3 |
| Forord | 4 |
| Innhald | 5 |
| Refleksjon | 6 |
| Innleiing..... | 6 |
| Impuls..... | 6 |
| Assosiasjonar, uttrykk og erfaring | 7 |
| Skisser og utprøvingar | 9 |
| Første forsøk på lydfesting..... | 10 |
| Bearbeiding | 11 |
| Andre forsøk på lydfesting..... | 12 |
| Ethiske problemstillingar | 13 |
| Ferdigstilling og utgiving..... | 15 |
| Avslutning..... | 16 |
| Litteratur..... | 17 |

Refleksjon

Innleiing

I denne teksten vert det reflektert over den skapande prosessen med å lage ny musikk frå fyrste møtet med diktet «Borni Leikar» av Olav H. Hauge fram til offentleg digital lansering og internasjonal distribusjon av singelen Borni Leikar/Maati Kahe med Lena Skjerdal Trio og Dhanashree Pandit Rai 31. desember 2022. Stien fram til ferdig produkt har vore lang, og det er naudsynt å skildre nokre av dei ulike stadia eller stadane som det skapande arbeidet har funne stad, for så å kunne reflektere kvifor desse er via merksemd i teksten via refleksjon. Denne måten å reflektere på er inspirert av Aslaug Nyrnes sin teori rundt retorisk kunstfagdidaktikk, kunnskapstopologi (Nyrnes, 2012) Nokre stader i den skapande prosessen vil bli belyst i teksten og noko vil bli ståande uskrive, eller i skuggen.

Stadia kallar eg: *Impuls, Assosiasjonar, uttrykk og erfaring, Skisser og utprøvingar, Første forsøk på lydfesting, Bearbeiding, Andre forsøk på lydfesting, Ethiske problemstillingar, Ferdigstilling og utgiving og Avslutning*. I desse ulike avsnitta prøver eg på kritisk vis å nærme meg arbeidsprosessen med omsyn til viktige kunstnarlege val og vendepunkt. Eg vil freiste å peike på kva som er det nye bidraget til fagutvikling i feltet og på kva måte arbeidet er relevant for barnehage/skule/lærarutdanning og reflektere over etiske sider ved prosjektet.

Impuls

På baksida av eit studentarbeid om forholdet mellom kunstfaglege og sanslege inntrykk og uttrykk i ein barnehagekontekst las eg i 2010 for fyrste gongen diktet «Borni Leikar» (Hauge, 1951) av Olav H. Hauge (1908-1994).

Borni leikar (seg med krusbrot)

Borni leikar seg med krusbrot.

*Brot av ei skål dei fann,
gled dei meir enn den heile
gledde sin eigarmann.*

*Ein bete med blåe rosor,
eit lite krystall-blankt skard
vert i deira augo
til noko meir enn dei var.*

*På brot av mitt knuste liv
fann eg ei line mjuk.
Men kva pottetakaren meinte,
det finn eg aldri ut*

(Hauge, 1951, s.47)

Diktet «Borni Leikar (seg med krusbrot)» kom fyrst ut i samlinga *Under Bergfallet* i 1951.

Teksten slo mot meg som ein sterk refleksjon over tematikken i mappeteksten den avrunda. Slik eg tolka diktet, handla det om dei fantastiske moglegheitene born sin leikrommar – ein måte å vere på i verda som er heilt naturleg for små barn. Noko som eg tenkjer me vaksne må verdsetje og ta inspirasjon frå.

Assosiasjonar, uttrykk og erfaring

Mykje av mi undervisning i musikkfaget spesielt og i kunstfaga generelt - spesielt i barnehagelærerutdanninga handlar om nettopp dette: å verdsetje og sjå moglegheitene i leiken og den leikande og undrande måten å leve og lære på. For meg som utøvande musikal ser eg også klare parallellar mellom denne barnlege livsverda og den improviserande jazzmusikaren si leikande haldning i samspelssituasjonar der ein både tek

og gir rom. Der musikken kommuniserer og oppmerksame og audmjuke «leikekameratar» til saman skapar nye uttrykk. Spesielt i samspel med Erik Halvorsen, som eg har samarbeida med sidan 2003 har eg opplevd slike samspel. Halvorsen har ein mastergrad i komposisjon og eit langt yrkesliv som utøvande musikar i alle slags sjangrar, men med hovudvekt på jazz og rytmisk musikk. I tillegg er han ein lyttande, hardt arbeidande musikar med både handverk og haldningar på plass for å tilføre ein kvar samspelsituasjon noko spesielt. Det er iallfall slik eg opplever å spele med Erik. Saman med dei briljante bassistane Magne Thormodsæther eller Ole Marius Sandberg, som og har tilført samspela dette spesielle, har me til saman utgjort Lena Skjerdal Trio.

Olav H Hauge sine ord og studenten sin bruk av desse, fanga desse perspektiva på ein heilt spesiell måte for meg. Orda slo meg og som fantastisk vakre – og inspirerte meg til å tenkje ut melodiske linjer og eit minimalistisk borduntone-basert uttrykk. Assosiasjonane gjekk vidare til den Nord-Indiske Hindustani vokalmusikken, Khyal som eg har fordjupa meg i tidlegare. (Skjerdal, 2002) Denne musikken er og bordun – eller dronebasert med mykje fokus på utvikling av melodiske linjer basert på *raag*, mikrotonalitet, naturleg stemme, ulike vokale teknikkar/klangbehandling og utstrekt bruk av ornamentikk og improvisasjon. Ein form for improvisasjonsteknikk i vokal Hindustanimusikk er *Alaap*, som kan beskrivast som ein langsam og roleg melodisk utviding ved bruk av vokalen a. Ein annan form for vokal improvisasjonsteknikk som er relevante for denne teksten er *Solfa/Sargam*. I Indisk musikk brukar ein Solfege-system for å identifisere tonehøgde, men med andre ord enn i det vestlege systemet. Sa-Re-Ga-Ma-Pa-Dha-Ni-Sa tilsvarar Do-Re-Mi-Fa-So-La-Ti-Do. I Sargam improviserer ein og syng notenamna i Solfege. Tarana er ein form for scatsong der ein brukar eit enkelte ord/fonem frå arabisk eller persisk språk og syng på dei i medium eller hurtig tempo. Alle desse teknikkane er innafor ramma til den aktuelle raagen som er i spel. Ein raag, også kjent som raga, eller rag er noko meir enn berre ein skalatype. Mellom anna er den, i tillegg til ei rekke av visse definerte tonehøgder i eit visst mønster/rekkefylgje (minimum 5), kjenneteikna av visse melodiske fraser (*pakads*), pausar og har ei fast opp og nedstiging – som gjerne er ulik opp og ned. I ein raag er det og bestemte måtar å entre og gå frå ei tonehøgde på. Raags er og tradisjonelt knytt til årstider og tider på døgeret og ein har gjerne fleire komposisjonar som går i ulike raagar.

I år 2000 var eg elev ved Jazz-India Vokal Institute (JIVI) i Mumbai India og fekk lære teknikkar, ornamentikk, raagar og komposisjonar i Khyal-sjangeren av Khyal og Thumri-songaren Dhanashree Pandit-Rai. Intensjonen bak dette opphaldet og -instituttet var ikkje å bli eller utvikle Thumri eller Khyal-songar, men å utvikle sitt eige vokale språk og lydarsenal, teknikkar, estetikk og øvingsmetodar som (jazz)-songar. Erfaringane utgjorde hovuddelen av feltarbeidet i mi eiga hovudfagsavhandling og gav meg uendeleg mykje materiale å jobbe med for eiga vokal utvikling. Gjennom feltarbeidet og undervisningssituasjonane ved JIVI fekk eg mange erfaringar frå lukkelege vokale møter prega av gjensidig respekt, lydhørheit og kunnskap og estetisk kommunikasjon. Denne erfaringa tenkjer eg er noko av bakgrunnen for melodien, strukturen og arrangementet musikken til Olav H Hauge sitt dikt skulle få.

Skisser og utprøvingar

Den fyrste skissa av musikken til diktet av Olav H Hauge var ein melodi til teksten i 6/8 dels takt over borduntonen A og dei to akkordane Am (4 fyrste taktane) og Emaj7 (4 siste taktane).

1. Vers:

Bo - ni lei - kar med krus - brot Brot av ei skål dei fann Gled dei meir enn den hei - le gle - dde sin ei - i - gar - mann

Teksten fekk ny form/oppbygging og tittelen vart til eit omkvad/refreng:

Bor - ni lei - kar Bor - ni lei - kar bor - ni lei - kar bor - ni lei - kar

Etterkvart vart det ein song med ein form – ei oppbygging:

Songen vart bygd opp slik:

Intro: Borduntone A, improvisert vokal ala Hindustani *alaap* over meloditonane

1.vers

2.vers

Melodi over omkved/refreng på teksten «Borni leikar» gonger X

Solo/improvisasjon over tonane i melodien/og akkordskjema Am - Amadd5 – E – Am – Emaj7 - E,

Omkved/refreng: På teksten «Borni leikar» gonger X).

3.vers.

Songen vart fyrste gong offentleg framført ved Historikardagane ved Høgskulen i Sogn og Fjordane i mai 2013 ved Lena Skjerdal Trio – Lena Skjerdal, vokal, Erik Håkon Halvorsen, piano og Magne Thormodsæther, bass. Songen vart og framført av underteikna i ein ny konstellasjon/instrumentering ved markeringa av Sogn og Fjordane fylke sitt 250-års jubileum i september same år saman med Inge Ronny Kvåle på gitar/kor og Øystein Åsnes på bass. Dei to ulike konstellasjonane gav to ulike uttrykk. Den fyrste med eit meir ope klangbasert «rom» som opna opp for meir bruk av rubato og improvisasjon. Den andre meir som ei vise der det og vart lagt 2.stemme på refrenget. I versjon 2 opplevde eg at det låg meir til rette for vokal improvisasjon på toppen av omkvedet. I versjon 1, som hadde same enkle akkordar som versjon 2, vart det opplevd at songen ikkje blei forløynt - som om den mangla ei harmonisk utvikling. Underleg, men eg kan ikkje forklare kvifor det var opplevd på den måten.

Første forsøk på lydfesting

I januar 2014 vart songen med i utvalet av låtmateriale som skulle lydfestast i Lærdal Musikkstudio i samband med innspelinga og lansering av albumet «Mjuka Vek» på selskapet NorCd. Løyve til å sette musikk til teksten vart innhenta frå rettshavaren Bodil Cappelen. I samband med dette vart komposisjonen utvikla vidare i samarbeid med Erik Halvorsen med ein ny harmonisering/akkordrekke under omkvedet og soloparti over same akkordrekka for å utvide det harmoniske tilfanget:

9

Dm Dm/F Dm/G Fmaj7 Dm Dm/F E+5/H E/H

Bor - ni lei - kar Bor - ni lei - kar bor - ni lei - kar bor - ni lei - kar

The image shows a musical staff with a treble clef and a key signature of one flat (B-flat). The melody consists of quarter notes. Above the staff, the chords for each measure are indicated: Dm, Dm/F, Dm/G, Fmaj7, Dm, Dm/F, E+5/H, and E/H. Below the staff, the lyrics are written under the corresponding notes: 'Bor - ni lei - kar Bor - ni lei - kar bor - ni lei - kar bor - ni lei - kar'.

Terje Isungset la på trommer/perkusjon live i studio og Ole Marius Sandberg spelte kontrabass, i tillegg til Erik Halvorsen på piano og undertekna på vokal. Som tidlegare nemnt, gjekk tankane tidleg mot den Nord-Indiske kunstmusikken, meir spesifikt den vokale stilen Khyal som eg studerte som elev ved Jazz-India Vokal Institutet i 2000. Eg tok oppatt kontakt med min gamle vokalguru Dhanashree Pandit-Rai med ynskje om at ho kunne legge på alaap i ein passe raag i introen på innspelinga. I førespurnaden la eg ved eit liveopptak frå framføringa i september 2013. Pandit-Rai responderte positivt med det same og foreslo alaap i raag Madhuvanti.¹

I den vidare studioprosessen med miksing og ferdigstilling av albumet i 2014, vart songen *Borni Leikar* likevel ikkje jobba vidare med. Av og til stoppar slike kreative prosessar. Ein kjem seg rett og slett ikkje vidare. Den kom ikkje med på albumet og vart lagt til sides. Det låg likevel eit sterkt ynskje om eingong å ferdigstille songen.

Bearbeiding

Saman med Erik Halvorsen vart songen framført offentleg ved fleire høver og me landa ein versjon som me var nøgde med og som me framførte «live» ved opninga av det nye Barnkunne-senteret for barnehageforskning ved HVL, Kronstad i august 2018.²

I desember 2021 planla forskargruppa Sang i danning ved HVL for 3.gong å arrangere eit internasjonalt symposium- *The 3rd Symposium on Voice and Communication in Teacher Education* ved Kronstad, Bergen. Tematikken var *Voice as communication and community building*.³ På grunn av Covid-19 pandemien vart symposiet utsett eit år til desember 2022 og Dhanashree Pandit-Rai stod på programmet i samtale med undertekna i eit keynote-innlegg som omhandla teknikkar og estetikk i Nord-Indisk Hindustani vokalmusikk. I samband med symposiet vart songen *Borni Leikar* på nytt aktualisert og ein ny runde med vidareutvikling av songen starta. Me sette oss som mål å

¹ http://www.tanarang.com/english/madhuvanti_eng.htm

² <https://www.youtube.com/watch?v=G9686XWWDaA>

³ <https://www.hvl.no/forskning/gruppe/sang-i-danning/>

lansere songen ved slutten av innlegget vårt for å demonstrere korleis ein gjennom den menneskelege stemma- song ordlaust kommuniserer og at ein kan møtast i musikk.

Andre forsøk på lydfesting

Hausten 2022 vart det gamle opptaket frå 2014 plukka fram att og studioversjonen frå 2014 minus perkusjon vart sendt til Dhanashree Pandit Rai som ein demo.

Det vart laga ein ny miks saman med tekniskar/med-produsent Tom Karlsrud ved Lærdal musikkstudio der det gamle vokalsporet mitt vart sletta og eg sang inn på nye vokalspor til den gamle innspelinga av bass og piano. Noko av bass og pianospora blei klypt vekk og lyd vart miksa og bearbeida på dei to instrumenta. Perkusjonssporet vart ikkje brukt meir. Dhanashree Pandit Rai sende fleire prøveopptak med ulike vokale improvisasjonsteknikkar og songar i raag Madhuvanti: Taans, Tarana, Solfa/sargam og Aalaap. I tillegg foreslo Pandit-Rai å legge til ein gamal tradisjonell tone som er sett til diktet *Maati Kahe* som er ein tekst på 1400-talet av Kabir Das. Pandit-Rai seier: – *The lyrics I used in our song is a couplet by the saint poet Kabir Das (1440 – 1518). So it's not a song with a name. You can call it "Maati Kahe" (the earth speaks) or "Maati Kahe Kumhar Se" (The earth says to the potter)*

The couplet says :

Maati Kahe Kumhar Se

Tu kya raunde moye

Ek din aisa ayega

Mai raundungi toye

(roughly means :

The mud (earth) says to the potter, why are you kneading and trampling on me now, a day will come when you will be reduced to dust, and I will be trampling on you (I will be moulding you). (Frå korrespondanse med D.Pandit-Rai, 2022)

Både teksten og melodien til den gamle songen passa godt til tonaliteten, stemninga og innhaldet i den originale teksten til songen *Borni Leikar*, og songen vart med dette utvida og berika igjen på nye måtar.

Dhanashree Pandit-Rai song inn high-fidelity opptak av alle improvisasjonsteknikkane samt songen *Maati Kahe* i Glam Slam Recording Studio Mumbai, India ved Suresh Mendoza og filene vart sende over digitalt via delingstenesta We-transfer til Lærdal musikkstudio ved Tom Karlsrud. Alle dei ulike vokalteknikkane spelt inn i på ulike korte spor, så eg og Tom hadde eit rikt utval å velje i. Det gjort fleire kunstnarlege val under miksinga der det vart via større plass til Dhanashree Pandit- Rai enn opphavelig tenkt.

Fleire miksar vart sende att og fram mellom Noreg og India og dei to andre involverte muskarane i Noreg, før me enda opp med den mastra versjonen som vart utgitt desember 2022.

Den endelege studioversjonen versjonen startar med at Ole Marius Sandberg legg ein drone/borduntone på tonen A med boge på kontrabass før Dhanashree Pandit-Rai introduserer songen med vokal ordlaus improvisasjon – aalaap i Raag Madhuvanti. Så er det ein kort seksjon med improvisasjon på kontrabass før eg syng dei to fyrste versa og eit omkved på dronetonen i bass. Så kjem ei ny lita sløyfe med improvisasjon på bass. Pianoet kjem gradvis inn og utvidar dronetonen før Dhanashree om lag 2 minutt ut i songen går over til *Maati Kahe*. Ved omlag 2:43 vert akkompagnementet muta, og eg kjem inn med siste frase på 2. vers acapella. Så kjem omkvedet på den nye akkordrekka i piano og bass etterfylgd av ein bassimprovisasjon på den same akkordrekka x 2. Ved om lag 3:51 kretsar piano og bass kring dronetonen og Pandit-Rai syng ein kortare improvisasjon med Solfege/Sargam som landar på det tonale senteret – Sa (tonen A). Songen vert avslutta med at deler av melodilinja vert spelt på kontrabass før eg syng 3. vers av diktet *Borni Leikar* – bass og piano vert etterkvart fada ut og siste linje vert sunge acapella.

Etiske problemstillingar

Ved verksregistrering i TONO kom det fram at det var ny rettshavar knytt til tekstar av Olav H. Hauge og eg måtte på ny innhente løyve frå arvingar for å sette musikk til diktet

av den avdøde forfatteren. Løyve på vegne av Bodil Cappelen vart gitt på ny via Rune Cappelen, men registreringa opna og opp for fleire etiske problemstillingar knytt til åndsverk. Eg vil gjerne gjere dette på rettast mogeleg måte både med tanke på at når ein involverer musikarar som gjennom improvisasjon og solid handverk tilfører verket så mykje gjennom sitt eige spel og som med-skaparar gjennom arrangement og bearbeiding. Samstundes er det her og snakk om å sette tradisjonelle kulturelle uttrykk inn nye kontekstar - appropriasjon⁴ (Maati Kahe). Ein må gå nøyaktig og audmjukt til verks og ha som mål unngå kulturell appropriasjon.⁵ Ein måte å prøve å nå dette målet på er gjennom ein freistnad på respektfull tilnærming og transparens i den skapande prosessen, noko eg vonar å ha fått til gjennom denne refleksjonen. I praksis får dette og fylgjer for korleis verket er andelsfordelt i TONO. Sidan verket både inneheld tradisjonell/DP både tekst og melodi (Maati Kahe), tekst frå avdød forfattar med arvingar (Olav H. Hauge), og to med-musikantar som er gitt rettigheitar som med-skaparar/arrangørar både i form av lydfestingsandelar og framføringsdeler som fylgjer.

| Navn | CAE Fremf. | Lydf. |
|-----------------------|------------|-------------|
| SKJERDAL LENA | C | 25,28 38,90 |
| *DP | CA | 42,50 0,00 |
| HAUGE OLAV H | A | 25,00 50,00 |
| SANDBERG OLE MARIU AR | | 3,61 5,55 |
| HALVORSEN ERIK HÅK AR | | 3,61 5,55 |

⁴ «Appropriasjon er en kunstnerisk praksis som går ut på at en kunstner med bevisst vilje og intensjon låner og bruker ideer og motiver eller teknikker, materialer og formspråk fra en ekstern kilde (...)og behandler dette som råmateriale i sitt eget kunstverk, slik at lån og praksis blir tydeliggjort. (...)Det at en kunstner låner motiv eller formspråk og anvender det som råmateriale i eget kunstverk, er en kreativ strategi som vanligvis blir tilkjent legitimitet. (Mørstad, Erik, (2023). Store norske leksikon: <https://snl.no/appropriasjon>)

⁵ «Kulturell appropriering, eller ganske enkelt misbruk av andres kultur, blir omtalt som brudd på kollektiv intellektuell eiendomsrett, og handler som regel om lån, rekontekstualisering og bruk av andres ikke-materielle kulturarv (*intangible cultural heritage*).(...) Kritikere av praksisen betrakter den som sårende, nedlatende og ofte neokolonial». Hylland, Eriksen, (2020) Store norske leksikon: https://snl.no/kulturell_appropriering)

Dhanashree Pandit-Rai og dei andre musikarane har og fått betalt som studiomusikarar etter norsk standard.

Ferdigstilling og utgiving.



(Coverfoto: Lena Skjerdal)

Bilete som er valt til cover er av ein collage laga saman med eit lite barn med materiale barnet har henta frå fjæresteinane. Her er krusbrot, slipte glasbitar, steinar, skjell og sneglehus – satt saman og limt fast på ei treplate. Tanken er at bilete speglar den same ideen som både tekst og musikk prøver å formidle.

I november 2022 framførte underteikna igjen låta i duo-format med Erik Halvorsen i samband med opninga av den internasjonale digitale barnelitteraturkonferansen [Fostering Dialogue - Online Conference](#). Framføringa føregjekk som livestream. Ved innlegg på *The 3rd Symposium on Voice and Communication in Teacher Education* ved Kronstad, Bergen 1.desember 2022 vart den endelege innspelte versjonen spelt offentleg for fyrste gong og 31.desember same år vart singelen utgjeven av Lærdal Musikkproduksjon v/Tom Karlsrud og er no tilgjengeleg på alle digitale plattformer for strøyming av musikk:

<https://open.spotify.com/album/7E5Qw19CrRgmFrFsVjV1qO?si=59KGoGyGS9SN6UL5ktsNUA>

eller:

<https://www.youtube.com/watch?v=ybo0FB1UcSU>

Avslutning

Ny musikk har i dette prosjektet vorte skapt, publisert og formidla. Den innspelte musikken er brukt som ein refleksjon over musikalske møter og eit nytt uttrykk over tematikk som borns leik, livsverden og musikalsk kommunikasjon over kulturelle grenser. Til dømes er songen spelt for studentar ved barnehagelærerutdanninga i fordjupinga Leik og Læring for alle ved Høgskulen på Vestlandet og som impuls i samband med praktisk gruppeeksamen i kunstfagleg fordjuping. Med von om at dette vert oppfatta som relevant for lærarutdanning og fagfeltet generelt.

Litteratur

Hauge, Olav H, (1951). *Under Bergfallet*. Noregs Boklag, Oslo

Hylland Eriksen, Thomas. (2020). *Kulturell appropriering*. I Store norske leksikon. Nettside sist besøkt 1.juni 2023 frå https://snl.no/kulturell_appropriering

Ledang, Ola Kai, Knudsen, Jan Sverre og Haug, Ulrik (2022). *Musikk i India*. I Store Norske Leksikon. Nettside sist besøkt 1.juni 2023: https://snl.no/Musikk_i_India

Mørstad, Erik, (2023). *Appropriasjon*. Store norske leksikon. Nettside sist besøkt 1.juni 2023. <https://snl.no/appropriasjon>

Nyrnes, A. (2012) *Kunnskapstopologi*. I Kunnskapens språk. Skrivearbeid som forskningsmetode. Scandinavien Academic Press/Spartacus forlag AS, Oslo.

Ringe, Vishwanath Prakash og Ringe, Vishwajeet Vishwanath. (2023) *Tarang*. Nettside sist besøkt 1.juni 2023 : http://www.tanarang.com/english/madhuvanti_eng.htm

Skjerdal, Lena, (2002). *Sa-re-ga-ma-dvu-dun-dva: eit studie av Niranjana Jhaveri sitt prosjekt for vidare utvikling av vokaljazz*. Hovudfagsoppgåve, NTNU, Trondheim.